

TIL

Xxxxx

Nordhordland sykkelklubb

Knarvik 4/7 2019

v/Christer Lieske

## **Takk for støtte til veteran NM 29-30/6**

Nordhordland Sykkelklubb ønskjer å takka hjarteleg for økonomisk støtte i samband med sykkel NM for veteranar helga 29-30 juni.

Meisterskapen vart ein suksess, med 300 påmelde, to gode sportslege dagar på Austrheim og Alversund, og utan uhell med personskade. Tilbakemeldingane frå tilreisande syklistar frå heile sør og midt-Norge er svært gode.

I tillegg til god omsetnad for butikkar og ritthotellet Alver, har meisterskapen gitt dugnads-inntekter til den lokale MC klubben, Nordhordland Røde Kors, Sæbø skulekorps og Radøy FK som alle har bidratt med vakthald.

Å arrangera sykkelløp krev mykje vakthald, og er såleis svært kostbart for klubben. I tillegg til over 40 eigne medlemmar på dugnad, har det bidratt om lag like mange frå samarbeidspartnarane.

Nordhordland Sykkelklubb set att med overskot etter helga. Utan støtta frå sponsorar, og tilskot/lån av utstyr og lokale frå kommunane, hadde det ikkje vore mogleg.

Takk igjen for støtta.

Mvh Nordhordland SK

-----  
Christer Lieske, styreleiar